



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Haram kyrkjelege fellestråd**

Årsundvegen 11  
6270 BRATTVÅG  
Tlf: 70209370  
Faks: 70209371

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Brattvåg 20.07.2012  
Vår sakshandsamar: JGdeP  
Vår ref.: 12/00024-002  
Arkivkode: 012.2

## Høyringsuttale til endringar i gravferdsforskrifta

3.3 **Bør det kunne dispenseres fra kravet om kiste ved gravlegging?** Fellestrådet meiner det ikkje er grunn til å gi generell dispensasjon frå kistekravet. Vidare kan det vere uheldig å skulle gi dispensasjon utifrå religion og livssyn spesielt. Det vil ikkje alltid vere lett å kunne skilje mellom ei religiøs grunngeving og anna grunngeving ved slike ønske.

7.1 **Stenging av deler av gravplass:** Det er svært bra at det no vil verte høve til å stenge graver/gravfelt for vidare kistegravlegging. Dette er heilt nødvendig.

7.3.2 **Fravikelse av størrelsen til kistegrav:** Vi stiller oss undrande til denne oppmykinga: I framlegget til forskrift er det ikkje gitt nokon grunn som skal kunne gi slikt unntak. Kan ein her då rekne med at ein skal kunne ha eigne barnegravfelt som i gamle dagar? Enten bør departementet her seie meir om kva slags reglar som skal gi grunn til slikt unntak, elles bør ein heller gi lov på generelt grunnlag å ha barnegravfelt.

10.1 **Dimensjoner på gravminner:** Departementet gjer framlegg om å få «en klarere hjemmel for å gi generelle bestemmelser for unntak fra forskriftens dimensjonsbegrensninger». Dette er vel og bra. Men framlegget til forskrift er ikkje i samsvar med dette. Der heiter det: «Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass kan det fastsettes særskilte bestemmelser for gravminner i vedtektene for gravplassen.» Her står det ingenting om at bestemmelsene i vedtektene kan gå utover begrensningane i forskrifta. Dette må vel stå eksplisitt for at bispedømerådet skal kunne fråvike frå forskrifta... Det er heller ikkje tydelig at desse bestemmelsene skal vere rettleiande for fellestrådet til eventuelt kunne gjere unntak frå forskriftas begrensningar, sjølv om dette står nemnt som motivasjon for forskriftsendringa.

12 **Økonomiske og administrative konsekvenser.** Det er naivt av departementet å tru at «økte driftskostnader på kort sikt spares inn ved meir effektiv forvaltning, drift og vedlikehold av gravplassene. Systemet vil innebære en administrativ forenkling for fellestrådene.» All erfaring tilseier at strengare reglar for system, merking, ID osv gir meir arbeid og administrasjon, ikkje motsett. Tenk på alle gravfelte som etterkvart må leggest inn i ENDA eit nytt system, eit system som attpåtil er meir avansert enn det vi har i dag. Det kan godt vere at dette er rett og godt, men det vil heilt sikkert innebære mykje meirarbeid.

Elles vil ein òg nytte høvet til å foreslå at det skal stå noko i forskriftene om det skal vere berre éin eller om det kan vere fleire personar i ei kiste. Vi hadde dette som problemstilling for ei tid tilbake, då det var snakk om å gravleggje ei mor og eit spedbarn i same kiste. Vi fann ikkje noko i gravferdslova eller forskriftene korkje for eller mot dette.

For Haram kyrkjelege fellestråd

Jostein Garcia de Presno  
Kyrkjeverje